



Opparbeidinga av Børnes industriområde er no igang og eit større felt langs vegen inn i området er avskoga. Kommunen har gjeve igangsettingsløyve for arbeidet med intern veg med teknisk anlegg - det vil seie for vatn, kloakk og overvatn og det er Byggservice på Sandvoll som har fått jobben

Det er eit vilkår at det vert halde oppstartmøte for samkøying av tiltaket før arbeida tek til. Når dette er halde kan arbeidet setjast igang.

Kommunen har opplyst at 4 firma er interessert i tomt på Børnes. 3 av dei er i Uskedalen og eitt i Omvikdalen.

Biletet er frå det området der vegetasjonen no er fjerna

Foto: Ola Matti Mathisen